



# Kvam Senterparti



*La det spira og gro  
i heile Kvam*  
**Stem Senterpartiet**

[www.senterpartiet.no](http://www.senterpartiet.no)  
[www.facebook.com/KvamSP](https://www.facebook.com/KvamSP)



# Kvam Senterparti

## PARTIPROGRAM SP 2019 - 2023

### Hovudsatsingar:

- Ha god matomsorg til institusjonar og heimebuande med lokal produsert mat.  
Kvam skal ta tilbake produksjonen av denne.
- Ta initiativ til å nytta lokale råvarer i nye innkjøpsavtalar.
- Etablere institusjonskjøkken ved nye Strandebarmsheimen.
- Senterpartiet vil at nye Kvam vidaregåande skule i Norheimsund skal ha funksjon som kulturbygg og legge til rette for sambruk - som til dømes kinosal/konsertsal, kafé og bibliotek.
- Ny vidaregåande skule skal ha eit attraktivt linjeval som dekkjer behov for arbeidskraft i framtida.
- Innføre frukost for elever på ungdomsskulen.
- Oppretthalda tidleg innsats og "ny giv" i barnehage og skule.
- Støtta opp om næringsprosjekt som gjev nye arbeidsplassar.
- Ikkje konkurranseutsette lovpålagde tenester.
- Ta vare på matjorda – den er verdifull. Ved omdisponering av matjord må denne erstattast med tilsvarande areal.
- Byggja gode bustadar for innbyggjarar med låg buevne.
- Auka vedlikehald av kommunale bygg og infrastruktur.

**for heile Kvam**



**Jostein Ljones 52 år**

Bur på Ljones

Jobb: Ordførar i Kvam herad 2015 –

Eg vil takka kvemmingane for at eg har fått privilegiet  
å vera Dykker Ordførar i inneverande periode.

Når me no går til val ber Senterpartiet om tillit til å leia  
arbeidet med å utvikla den flotte kommunen vår vidare.  
Kvam herad sin visjon er: «å skapa ei oppsiktsvekkjande  
framtid». Denne visjonen er ein viktig motivasjon for  
arbeidet til Senterpartiet og dei mål me set oss  
for Kvam herad.

Eg ynskjer å støtte opp om, og leggja til rette for  
næringsutvikling i kommunen.

Eit sterkt og variert næringsliv som skapar arbeidsplassar  
er grunnlaget for busetnad, samt å oppretthalda og auka  
folketalet i kommunen.

«Tenester nær folk» er Senterpartiet sin visjon.  
Alle dei viktigaste tenestene skal vere tilgjengelege  
der folk bur.

Tilgang på barnehage, skule, eldreomsorg og sjukeheim  
er ein føresetnad for at lokalmiljø skal kunne utvikle  
seg, og for at folk skal kunne busetje seg der dei ønskjer.  
Eg vil arbeida for at kommunen har eit godt tenestetilbod  
som gjer det attraktivt å busetja seg i heile kommunen.  
Senterpartiet vil arbeida vidare med å utvikla gode  
oppvekst og levekår for alle innbyggjarane i  
kommunen vår.

Me vil ha eit godt og variert tilbod til barn, unge og eldre.  
Grunnlaget for dette er god kvalitet i barnehage, skule,  
heimebaserte tenester og institusjonar samt eit variert  
kultur- og fritids tilbod på ettermiddag og kveld.  
Eg har stort engasjement og lyst til å utvikle  
kvamasamfunnet vidare til beste for alle kvemmingar.

Godt val 9. september



**Johanne Neteland** 20 år  
Steinsdalen  
Student, avløysar og klauvskjerar.  
Politiske interesser er landbruk, attraktivt skuletilbod for ungdom, og gode møteplassar for ungdom.



**Siv Håbrekke** 42 år  
Strandebarm  
Autorisert Hjelpepleiar ved Strandebarmheimen.  
Eg er oppteken av at det er arbeidsplassar og gode tenester i heile kommunen, også i utkantane. Som mor tykkjer eg eit måltid i skulen er viktig!  
Kjøkken på den nye institusjonen på Tangerås er noko eg ser på som sjølv sagt!



**Heine Rørvik** 30 år  
Rørvik, Innstranda, men er på boligjakt.  
Jobber som tømrar  
Oppussing og gaming på fritida  
Det viktigaste for meg, er at Kvam leverer gode tjenester, serverer god mat, har gode skular og at me skaper aktivitet og utvikling i heile Kvam.



**Svein Johannes Stuve** 63 år

Øystese

Trafikkleder Suldal Transport

Næringsutvikling er nøkkelen til framgang for Kvam. Nye arbeidsplassar er svært viktig, men også gje eksisterande næring gode vilkår. Vi treng samferdsleprosjekt som gjev oss trygge og effektive vegar i heile Kvam, med særskild fokus på mjuke trafikanttar. Frivilligheita og dugnadsånda må få gode levevilkår, det samme gjel for idrett og kultur.



**Erla Gunnarsdottir** 43 år

Ålvik

Bonde, prosjektleider og selvstendig næringsdrivande.

Master i strategi og management fra Islands universitet.

Samt Journalistutdanna.

Eg synes det er viktig med mangfold i Kvam og at folk i alle aldrar har gode fritidstilbud. Skape nye arbeidsplasser i Kvam, særskilt innan turisme er viktig.

Eg er også oppteken av å få rassikre veier.



**Silje Aksnes** 41 år

Vikøy

Eg er utdanna landskapsarkitekt frå NMBU på Ås. Har jobba i 10 år med prosjektering av offentlege og private anlegg.

No er eg dagleg leiari i planteskulen kor me produserer og sel planter til engros- og privatkundar. Som landskapsarkitekt og planteskuleigar er eg opptatt av omgivnadane og miljøet rundt oss. Gode oppvekstvilkår og nærmiljø er viktige for helse og trivnad. Eg er også opptatt av næringsutvikling og ramlevilkår for store og små verksemder i kommunen.



**Stig Aase 44 år**

Tørvikbygd

Boresjef- offshore

Eg brenn for å oppretthalde levande bygder og grender, der samferdsel og oppvekststruktur vert satt høgt.

I tillegg må me jobba vidare for å skapa lokale arbeidsplassar i heile heradet, innan alle næringar.



**Ramune Paulauskiene 35 år**

Mundheim

Mine politiske interesser er gode veier og tryggere trafikk, flere uteaktiviteter for store og små. Varm mat til skole og barnehage, samt enklere og god integrering for utenlandske arbeidsinnvandrere.



**Trygve Vik 43 år**

Øystese

Trygve Vik, teknisk sjef Jondal kommune.

Eg vil arbeida for landbruket som ei viktig næring, samt idrettsanlegg i heile Kvam.

Innan samferdsel vil eg ha eit særskilt fokus på rassikring og trygge vegar.

Gode miljøval og framtidsretta energiløysingar er viktig for meg.



Kvam Senterparti



for heile Kvam

## **Barnehage Skule Ungdom**

Senterpartiet ynskjer eit mangfald av barnehagar og skular som leverer tenester med god fagkompetanse og kvalitet

### **Barnehage**

SP vil:

- Vidareføra og sikra mat i barnehagen som ein pedagogisk aktivitet.
- Sikra forsvarleg og god bemanning i barnehagen, samt godt arbeidsmiljø for dei tilsette.
- At tilsette i barnehagen får tid og høve til etterutdanning.

### **Skule**

Senterpartiet ynskjer at elevar og tilsette skal trivast på skulen. Eit viktig element i trivselen er at det finst gode skulebygningar og høve til å ha alternativ undervising.

SP vil:

- Ha eit godt etter- og vidareutdanningssystem for lærarar og andre tilsette.
- Fortsetje med tidleg innsats i barneskulen og ny giv i ungdomsskulen.
- Ha skulefrukost på ungdomsskulen.
- Ha eit godt samarbeid mellom ungdomsskulen og dei videregåande skulane.
- Ha ein visjon om ein mobbefri kvammaskule.
- Jobba for ein offentleg vidaregåande skule i Kvam med variert linjeval som dekkjer behovet for arbeidskraft i Kvam.
- Sikra trygge skulevegar.
- Ha ein uendra skulestruktur i komande periode.

### **Ungdom**

Senterpartiet vil at ungdom skal tykkja at det er attraktivt å bu i Kvam. Dei skal møta vaksne som bryr seg, også utanfor heimen.

SP vil:

- Ha eit godt tilbod innan psykisk helsevern for ungdom.
- Tilby fleire lære plassar i Kvam Herad, innan fleire fagfelt.
- Styrkja kultur og fritidstiltak for born og unge.
- Støtta etablering av gode møteplassar for ungdom.
- At det skal drivast oppsøkjande ungdomsarbeid ved bruk av ungdomskontakten.
- Betra busstilbodet internt i kommunen.
- Styrkja helse sjukepleier tenesta.
- Ha eit godt samarbeid med andre etatar for førebygging av rus blant ungdom.
- Støtta opp om arbeidet i ungdomsrådet.
- Vera positive til etablering av motorsportsenter for ungdom.
- Leggja til rette for bustadbygging for ungdom.

### **Pleie- og omsorgstenesta**

Senterpartiet ynskjer å satsa meir på førebygging, rehabilitering og sosial medverknad i pleie- og omsorgstenesta. Samstundes skal det være nok plassar til eldre som treng heildøgnsomsorg.

SP vil:

- At Kvam skal ha lokalprodusert mat i institusjon, type "kok-server".
- Etablere institusjonskjøken ved nye Strandebarmsheimen
- Jobbe for eit betre tilbod for demente, mellom anna ved etablering av sansehagar.
- Heva kompetansen i pleie- og omsorgstenesta med fagleg påfyll som fagdagar og vidareutdanning.
- Sikra eit godt arbeidsmiljø, skapa tydelege leiarar.
- Ha ein "heiltidskultur" på stillingar, samt minimera bruken av vikarbyrå.
- At eldre skal kunna bu og ha eit aktivt liv i eige nærmiljø bl.a gjennom bruk av velferdsteknologi.
- Ha eit sterkt fokus på brukarmedverknad og førebyggjande helsearbeid for å fremja god livskvalitet.
- Ha kapasitet til å ta heim pasientar som er utskrivingsklare.

### **Helsetenester**

Senterpartiet ynskjer ein helsesektor basert på prinsippa om nærleik til tenestene og kvalitet i tenestene.

SP vil:

- Arbeide for å skaffe eit godt bu/behandlingstilbod samt ettervern for personar med rusproblematikk.
- Ha eit godt tverrfagleg samarbeid på Kvam Familie og Læringssenter (KFL) som sikrar gode tenester med fokus på å hjelpe heile familien.
- Ha eit godt samarbeid med Helse i Hardanger.
- Styrkja førebyggjande helsearbeid.
- Styrkja og sikra ambulansetenesta.
- At Kvam skal sikra at alle som har behov for brukarstyrt personleg assistent får eit godt tilbod, samt at alle som har krav på denne ordninga får god informasjon.

### **Samferdsel**

Senterpartiet vil arbeida for trygge og rassikre vegar i heile Kvam.

SP vil:

- Arbeida for å realisera Hordalandsdiagonalen gjennom Kvam, der traséen via Norheimsund har fyrste prioritet.
- Arbeida for to ferjer i ferjesambandet Jondal – Tørvikbygd, med ferjer basert på miljøteknologi.
- Arbeida for betre veg mellom Øystese og Granvin, samt mellom Oma og Mundheim.
- Samarbeida med næringsliv og lokalbefolking om nye samferdselsprosjekt.
- Arbeida for rassikring av alle offentlege vegar i Kvam.
- Arbeida for trafikksikring med nye gang- og sykkelvegar i Kvam. Til dømes: Lidarende- Oddland, Ålvik- Vikedal, Tangerås- Børsheim.

## **Næring**

Senterpartiet vil leggja til rette for vekst og utvikling i næringslivet i Kvam.

SP vil:

- Leggja til rette for ei bærekraftig oppdrettsnæring.
- Arbeida for nye statlege og regionale arbeidsplassar i Kvam.
- Leggja til rette for lokale næringsdrivande og grunderar, der næringslaga og Næringshagen i Hardanger er naturlege samarbeidspartnarar.
- At kommunen skal ha årleg kontaktmøte med næringslaga.
- Starta arbeidet med kommunedelplan for fritidseigedomar.
- Støtta opp om landbruket som ei viktig næring, samt styrkja jordvernet i kommunen.

## **Idrett og kultur**

Senterpartiet ser på frivillige lag og organisasjonar som berebjelkane i kulturlivet i lokalsamfunna.

Sp vil:

- Støtta opp om Grannehjelpa som ein god samarbeidspartner og koordinator innom frivillig arbeid
- Jobba for fleiraktivitetsområde/friluftsområde på Mundheim
- Støtta lag og organisasjonar som tilbyr aktivitetar der alle kan delta, då desse utjamnar skilnadar som kan føre til utanforskap.
- Støtta opp om idrettsanlegga i heile Kvam.
- Leggje til rette for allsidig aktivitet i idrettslaga.
- Arbeida for allaktivitetsplass på Haugamyr.
- Leggje til rette for næridrettsanlegg i Busdalen.
- Finna løysing for å oppretthalda bassenget i Ålvik.
- Støtta opp om kulturarrangement og festivalar.
- Sikra gode bibliotek.
- At kulturskulen skal vera ein viktig arena for born og ungdom.
- Leggje til rette for «Namna Minnelund» i Norheimsund.

## **Integrering**

Integreringa er avhengig av at innvandrarar får språkopplæring, utdanning, jobbtilbod og deltek i samfunnslivet.

SP vil:

- At alle skal føle seg velkomne til Kvam.
- Leggje til rette for gode møteplassar mellom ulike

**for heile Kvam**

kulturar, til dømes Grannehjelpa og biblioteka.

- Ha norskopplæring på fleire nivå.
- Ha språkpraksisplassar i kommunen
- Leggja til rette for mentorprogram mellom innvandrarar og kvemmingar.
- Ha tenelege bustadar for innvandrarar.
- Støtta gode prosjekt som er drifta av frivillige lag og organisasjonar, som til dømes bornas verdsdag og internasjonal kvinnegruppe.

## Miljø og ressursbruk

Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn kor vekst og utvikling skjer innanfor naturens tålegrenser.

FNs bærekraftsmål skal vera førande for kommunen sine mål.

SP vil:

- Sei nei til omdisponering av matjord, der det er andre alternativ.  
I samarbeid med landbruket, utarbeide ein plan for matjord som likevel må omdisponerast.
- Støtta miljøvennleg energiproduksjon, småkraftverk og bioenergi.
- Fornya ”Energi og klimaplan for Kvam”.
- Jobba for at kommunale bygg tilrettelegg for alternative energikjelder, som solenergi.
- Støtta prosjekt for å kartleggja/ redusere kommunens eige plastforbruk.
- Etablera fleire ladestasjonar i Kvam, og ved kommunale bygg.
- Leggja til rette for gode friluftsområde og strandområde i Kvam, i samarbeid med BOF(Bergen og Omegn Friluftsråd).

# KVAM SENTERPARTI

Valliste til kommunevalet 2019



**Kvam Senterparti**

Nr	Navn	Poststad	Fødselsår
1	Jostein Ljones	Tørvikbygd	1967
2	Johanne Neteland	Norheimsund	1999
3	Svein Johannes Stuve	Øystese	1956
4	Siv Håbrekke	Strandebarm	1977
5	Erla Gunnarsdottir	Ålvik	1976
6	Heine Rørvik	Tørvikbygd	1989
7	Silje Aksnes	Norheimsund	1978
8	Stig Aase	Tørvikbygd	1975
9	Ramune Paulauskiene	Omastrand	1984
10	Trygve Vik	Øystese	1976
11	Magnus Røberg	Norheimsund	1988
12	Bertil Ove Skeie	Norheimsund	1953
13	Helena Bru	Strandebarm	1994
14	Svanhild Aksnes Botnen	Øystese	1978
15	Lene Tørvik	Strandebarm	1972
16	Vilma Vence	Øystese	1981
17	Laila Skogesal Ditmarsen	Strandebarm	1985
18	Rolf André Fosso	Norheimsund	1993
19	Oddbjørn Borge	Tørvikbygd	1953
20	Torgeir Torvik	Tørvikbygd	1942
21	Leidulf Brattli	Tørvikbygd	1954
22	Kari Torpe	Ålvik	1975
23	Gjermund Stuve	Øystese	1959

Har du lyst til å vera med på laget og støtta opp om Senterpartiets verdier og standpunkt? Det er leikande lett å registrera seg som medlem.

Send SMS til 2360 med kodeord "SP" og du får ein link tilbake du kan registrera deg på eller Vipps: [søk Senterpartiet \(#12711\)](#).

Du kan også registrera deg på e-post: [medlem@sp.no](mailto:medlem@sp.no)

Vi gledar oss å få deg med på laget.

[www.senterpartiet.no](http://www.senterpartiet.no)

**for heile Kvam**